



Arkiv nr:

Sak nr 03/2021

Møtedato: 17.02.2021 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## NYE OPPLYSNINGAR PÅ SIDE 2

### S788 – Tilleggsjord til støl ved Flisøyne


Trond Ristebråten søker om ca 11 daa tilleggsjord til stølen ved Flisøyne.

Han gjev følgjande grunngjeving for søknaden:

*På gården er det en ammekubesetning som beiter i området ved stølen. Flokken er ofte innom på stølen og får mjøl, salt og omsorg. Da er dyrene vanligvis på inngjerdet beiteområde til neste dag. Det er viktig å ha et inngjerdet område som dyrene i perioder kan oppholde seg og beite på, men arealet som pr. i dag er tilgjengelig er lite og gir begrenset mulighet for beitetid. Det er ønskelig med et større inngjerdet beiteområde enn de ca. 5 da som er der nå og jeg søker derfor om tilleggsareal i henhold til vedlagt kart.*

*Hvis søknaden innvilges, er planen å rydde området for brisk, vier, grantrær, og noe bjørk. Området skal gjerdes inn sammenhengende med eksisterende inngjerdet beiteområde.*

Føljande kart viser omsøkt område:



Når det gjeld saksbehandling, er det ein skilnad om det vert handsama som beite (§5) eller tilleggsjord (§20). Med dei opplysningane som er lagd fram vert dette handsama som beite jfr stølsforskrift § 5:

Stølsforskrift §5 regulerer utvising av beite:

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.*

*Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret.*

*Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.*

*Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelege vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.*

*Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret.*

*I avgjerda kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde søkjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.*

*Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.*

Stølen 788 har bruksrett, og dokumenterer trong for utvida beite på ein god måte. Det er såleis innafør dei krav som stølsforskriften § 5 set. Stølen er og i drift.

Administrasjonen har vore på synfaring saman med Trond Ristebråten. Det vart spurt om moglegheit for andre beitedyr/allmenta å kunne ta seg fram langs fjorden dersom dette beitet vert tillate. Dette då det vil kunne vere samanhengande inngjerding frå fjorden og heilt opp til stølsvegen.

Ristebråten har ei grind i gjerdinga mot elva (mot Nord), og er villig til å setje opp ei ny grind/anna måte å passere for friluftsliv/fisking på sida mot sør. Dermed er dette ivareteke. Når det gjeld andre beitedyr går dei naturleg på sørsida av myra som vil inngå i inngjerdinga, og eventuelt nytt inngjerda beite vil ikkje påverke dagens rekser er det oppgjeve.

Administrasjonen har diskutert med Ristebråten ei anna arrondering, Om beite hadde blitt plassert mot nord/vest, hadde det blitt mindre inngripande på passasje gjennom området. Ristebråten er mest innstilt på opphavleg arrondering, og ber om at dette vert vurdert. Dette grunngeve med at han ynskjer å ha sin adkomstveg utanom inngjerda beite.

Det er ein stadig sterkare trend at fleire gardbrukarar legg om til kjøtt produksjon. Dette har og gjeve fleire søknader om inngjerding av beite til kjøttfe. Dette er ein trend fjellstyret burde ta ein større diskusjon på i framtida, for å ha ein lik handsaming av slike søknader sett og opp i mot store og små inngjerdingar.

Det er ingenting i vegen for å legge søknaden ut til høyring, og ta den større diskusjonen før ein fattar vedtak i denne sak grunna lite areal her. Administrasjonen tilrår dette.

#### **Framlegg til vedtak i møte 01.09.2020 (sak 27/20):**

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn og sender søknaden til nærliggande naboar, kommunen og Statskog for uttale.

#### **Vedtak i møte 01.09.2020 (sak 27/20):**

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn og sender søknaden til nærliggande naboar, kommunen og Statskog for uttale.

Vedtaket er samrøystes

#### **NYE OPPLYSNINGAR I SAKA:**

Dette vart sendt på høyring 14. september, med merknadsfrist 15.10.2020.

Det er motteke følgjande uttale:

#### Vestre Slidre kommune:

Bekrefter drift på stølen.

#### Statskog:

*Statskog skal uttale seg til utvisningen av beitearealet og evt. gi tillatelse til inngjerding. Statskog er positive til at det tilrettelegges for mer aktiv beiting. I dette tilfellet må det avklares nærmere om en inngjerding av omsøkte areal kan føre til negativ innvirkning på området. Ut i fra kartet så ser det ut som om omsøkte areal består av en god del myr. Det er uheldig dersom myrareal blir utvist til inngjerdet beiteareal for kjøttfe. Grøfting av myrareal er noe som kommunen v/landbruksavdelingen må ta stilling til om de kan gi tillatelse til. I tillegg bør fjellstyret ta hensyn til at ikke omsøkte areal gjør det vanskeligere å komme seg ned til vannet for fiske og rekreasjon.*

*Dersom Fjellstyret viser ut beitearealet, kan Statskog gi grunneiers tillatelse for oppsetting av gjerde i henhold til omsøkte areal, og med følgende vilkår:*

- Stier og ferdselsårer skal ikke stenges
- Løypekjøring vinterstid skal ikke hindres, fri passasje må evt. sikres med le
- Gjerdet skal vedlikeholdes slik at det ikke kommer til skade for folk og dyr

Når det gjeld denne konkrete saka, ser administrasjonen at ein kan tilrå at søkjer får gjerde inn det som er omsøkt. Dette er viktig for søkjer, og gjer hans drift enklare og det er ingen større problem for andre med bruksrett at dette vert gjerda inn.

Dette området er viktig for friluftsliv/fiske. Allemannsretten gjeld ikkje på dyrka mark, men om stølsbruker er villig til å setje opp ein ny grind mot sør – i tillegg til den som er sett opp mot nord (mot elva), vil dette kunne gje enklare tilgang til strandsona utan at dei som fisker faktisk går på dyrka mark. Dette er prisverdig av stølsbrukar. Dette er og take opp av Statskog, og vil vere eit vilkår ved deira behandling av gjerdessøknaden.

Oppsummert tilrår administrasjonen fjellstyret om å godkjenne omsøkt inngjerding, med dei tilpasningar for å lette tilgangen til strandsona for fiske. Statskog har uttala seg positive til inngjerding, så det kan her fattas eit endeleg vedtak i saka.

#### **Framlegg til vedtak i sak 03/21:**

Fjellstyret finn det dokumentert at søkjaren har behov for inngjerda beite, arealet er skikka og det ikkje er til skade for bruksrettar. Fjellstyret vedtek å vise ut areal, jfr søknad til inngjerda beite etter stølsforskrift §5. Endeleg avgrensing av arealet blir avgjort etter befaring til våren saman med fjellstyre-administrasjonen. Fjellstyret tilrår at søkjaren får gjerda inn arealet, og det vert oppretta grind slik at passasje langs strandsona er mogleg på begge sider.

#### **Vedtak i sak 03/21**

Som forslaget, samrøystes

*Vedtak om utvising av beite er enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er klagerett over vedtaket jf. reglane i forvaltningsloven. Tilråding om inngjerding er ikkje enkeltvedtak og det er ikkje klagerett over denne del av vedtaket.*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument.*

*Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 19.02.21

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:

Statskog

Vestre Slidre kommune

FINNEBERG BÅRD	FØDNESVEGEN 337	2900 FAGERNES
STRAND RAGNHILD STRØMMEN	FØDNESVEGEN 337	2900 FAGERNES
RISTEBRÅTEN TROND	HAGABEKKVEGEN 46	2960 RØN
BJØRNSVEEN INGER	BAKKEN 2	2860 HOV
FRYDENLUND BRITT	HUNTONSTRANDA 13	2821 GJØVIK
LØTVEDT SIRI	WERGELANDS GATE 1 A	2821 GJØVIK
MARTINSEN BREDE	NORDBYVEGEN 38	2817 GJØVIK
MARTINSEN OVE	KALLRUSTADSKAUEN 23	2820 NORDRE TOTEN
ØDEGÅRDSTUEN ELLEN	JEVNAKERVEGEN 32 B	2870 DOKKA